

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 31.01.2007
Sakhandsamar: Torleiv Bergland
Saka gjeld: **Årsmelding 2006 frå det regionale brukarutvalet i Helse Vest**

Arkivsak
2004/594/016
Styresak 018/07 O

Styremøte 14.02. 2007

Bakgrunn:

Det regionale brukarutvalet har utarbeidd årleg melding for 2006. Meldinga er lagt ved. Meldinga vert her lagt fram for styret.

Kommentarar:

Medlemmer av utvalet

Utvalet har i 2006 bestått av 9 medlemmer. Seks av medlemmene representerer Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO), to av medlemmene representerer Samarbeidsforum for funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO) og ein representant er utpekt av fylkeseldreråda i regionen.

Oppgåver og aktivitet

Det er halde 6 møter i løpet av året, eit i Førde, to i Bergen og tre i Stavanger. I tillegg var det ei felles samling med brukarutvala i helseføretaka.

Utvalet har mellom anna hatt fokus på følgjande saksområde:

- Regional plan for tverrfaglig spesialisert behandling for rusmiddelmissbruk – høyring
- Handlingsplan for habiliterings- og rehabiliteringstenestene i Helseregion Vest – høyring
- Inntektssystem for helseføretaka – høyring
- Funksjonsfordeling mellom Haukeland Universitetssjukehus og Haraldsplass Diakonale Sykehus
- Nevrokirurgitilbodet på Vestlandet
- Arbeid med kvalitet i Helseregion Vest
- Synliggjeringsplan av det regionale brukarutvalet
- Regional strategi for diabetesområdet

Arbeidstilhøve

Utvalet har i 2006 engasjert seg i ei rekke enkeltsaker. Det regionale brukarutvalet har fått delta i dei prosjekt som utvalet har ønska. Brukarutvalet er såleis godt nøgd med deltakinga i prosjektarbeid.

Det regionale brukarutvalet oppfattar forholdet til administrasjonen i Helse Vest som bra. Brukarutvalet opplever ei positiv innstilling til å møte i utvalet frå administrasjonen si side.

Utfordringar

Det regionale brukarutvalet opplever at tilhøva for påverknad og deltaking i utforminga av spesialisthelsetenesta ligg godt til rette. Utvalet saknar i denne samanheng betydelig meir engasjement frå sine primærorganisasjonar.

Å kunne påverke utforminga av tenestene i plan- og utviklingsarbeid ser utvalget framleis som veldig viktig. Det gjeld framleis å ha fokus på denne type medverknad.

Helse Vest har lagt til rette for at eit medlem av det regionale brukarutvalet kan overvære styremøta kostnadsfritt. Utvalet er glad for det, men ønskjer primært at ein brukar skal få status som observatør i styret - gjerne med talerett, men utan stemmerett.

Utvalet registrer ei positiv utvikling og ser frem til nye utfordringar i 2007.

Forslag til vedtak:

Årleg melding for 2006 frå det regionale brukarutvalet vert tatt til orientering.